



Høgskolen i Telemark

Avdeling for allmennvitenskaplege fag

SLUTTEKSAMEN

Emnekode:	6003
Emnenamn:	Informasjonsbehandling
Studiepoeng for emnet:	7,5
Omfang av denne eksamenen i % av heile emnet:	100 %
Eksamensdato:	22. november 2010
Eksamensstad:	Bali
Lengde/tidsrom:	5 timar – kl. 9.00-14.00
Målform:	Bokmål/nynorsk
Ant. sider inkl. framside	5 sider
Tillatne hjelpemiddel:	Ingen
Merknader:	Alle spørsmål og oppgaver skal svarast på.
Ant. vedlegg:	Ingen

Eksamensresultat finn du etter sensurfall ved å logge deg inn med brukarnamn og passord på StudentWeb (hit.no)



BOKMÅL:

1. Forklar hvorfor informasjonsbehandling er så avgjørende for arbeidslivet i dag. Prioriter din redegjørelse i tre punkter.
2. Hvorfor er selskaper som Google, Apple og Microsoft blant de mest verdifulle selskapene i verden i dag?
3. Hvor mange Gb kan en CD-plate lagre?
4. Hva er RAM og hva mener vi med et minnehierarki?
5. Forklar med et par eksempler hva ”brukergrensesnitt” betyr.

Lovverk og datasikkerhet:

6. Nevn eksempler på åndsverk som er regulert i åndsverksloven
7. Er alle åndsverk omfattet av åndsverksloven?
8. Åndsverksloven gir regler for i hvilken grad en kan kopiere et åndsverk. Gjør kort rede for forskjellen på reglene for kopiering av programvare og kopiering av en musikk-CD?

Datavalidering:

9. Du skal registrere 374 papirskjemaer fra en medarbeiderundersøkelse i et forlag. Du skal bruke et regneark for analyse. Du har kjønn (mann/kvinne), alder, avdeling (undervisning, lydbøker, administrasjon m.fl.) i målingen. Forklar med to eksempler hvordan verktøyet ”datavalidering” kan hjelpe deg å unngå feilregistreringer.

Tekstbehandling og regneark:

10. Forklar hva inndelingsskift i et tekstdokument er og hvilken nytte vi har av slike inndelinger.
11. Forklar hvordan maler og stiler forenkler arbeidet med rapporter og dokumenter.
12. Nevn et eksempel på en relativ og absolutt referanse.
13. Beskriv minst to typer hukommelse på en datamaskin
14. Nevn tre oppgaver som utføres av operativsystemet på en datamaskin.
15. I nedenstående modell – i celle C7 står verdien 1650, hvilken funksjon er enklest å benytte?

1	A	B	C
2	350		
3	50	350	
4	150	50	350
5		150	50
6			150
7			

Internett

16. Nevn to protokoller som blir benyttet i datakommunikasjon på Internett.
17. Forklar kort begrepene URL, søkemotor, HTML, web.
18. Hva er en gyldig svensk e-postadresse; blieniel@n.swe, eller suded@mej.se, eller malmö@dej.okey, eller åk@ny.volvo



19. Et gyldig domenenavn er; a) www.verksted.nor, b) www.versted.fiks, c) www.verksted.org. d) www.verksted.bil
20. Forklar hva en virtuell maskin er.
21. Hva kaller vi et nettverk der det ikke er nødvendig med en server?

Case:

Balias er rådgivere for bedrifter som ønsker å etablere seg i Indonesia og omkringliggende områder. Selskapet har i dag 7 norske ansatte og 4 indonesiere. Personalkostnadene er samlet NOK 8,2 mill. inkl. sosiale kostnader. Selskapet har ambisjoner om å vokse og få noe støtte av Norges Eksportråd til å utvikle sine tjenester og kundeportefølje.

Selskapet har i dag en IT løsning som ikke er gjennomtenkt eller tilpasset vekst. Hver har sin egen PC og jobber med isolerte kundeprosjekter. De løser oppdragene ofte i samarbeid, men dokumentasjonen ligger spredt. De deler over e-post eller minnepinner. De arbeider for det meste med word, excel og ppt. På kontoret er det en laserprinter, og alle har tilgang til en gratis nett-tjeneste til bruk for e-post (Outlook). Websiden er i dag mer som en ”plakat”, fremfor en interaktiv og levende side som tiltrekker seg oppmerksomhet og kundeoppdrag. De ønsker nå å få en løsning som;

- 1) Sikrer samhandling og felles tilgang til andres materiale
- 2) Sikrer læring mellom ansatte og kunder
- 3) Sikrer god og kontinuerlig kundepleie av ca. 3000 navn i et excel-ark, der ca. 20 kunder er aktive til enhver tid.
- 4) En e-post og web-løsning som er interaktiv med kunder og som kan fungere som salgskanal.

Du skal på maks to sider redegjøre for hvordan du vil løse selskapets IT utfordringer. Forslaget skal kort beskrive en analyse og anbefaling av løsning innenfor realistiske økonomiske rammer.



NYNORSK:

1. Forklar kvifor informasjonsbehandling er så avgjerande for arbeidslivet i dag. Prioriter utgreiinga di i tre punkt.
2. Kvifor er selskap som Google, Apple og Microsoft mellom dei mest verdifulle selskapa i verda i dag?
3. Kor mange Gb kan ei CD-plate lagre?
4. Kva er RAM og kva meiner vi med eit minnehierarki?
5. Forklar med eit par døme kva ”brukargrensesnitt” vil seie.

Lovverk og datasikring:

6. Nemn døme på åndsverk som er regulert i åndsverkslova.
7. Er alle åndsverk omfatta av åndsverkslova?
8. Åndsverkslova gjev reglar for i kva grad ein kan kopiere eit åndsverk. Gjer kort greie for skilnaden på reglane for kopiering av programvare og kopiering av ein musikk-CD?

Datavalidering:

9. Du skal registrere 374 papirskjema frå ei medarbeiderundersøking i eit forlag. Du skal bruke eit rekneark for analyse. Du har kjønn (mann/kvinne), alder, avdeling (undervisning, lydbøker, administrasjon m.fl.) i målinga. Forklar med to døme korleis verktøyet ”datavalidering” kan hjelpe deg med å unngå feilregistreringar.

Tekstbehandling og regneark:

10. Forklar kva inndelingsskift i eit tekstdokument er, og kva nytte vi har av slike inndelingar.
11. Forklar korleis malar og stilar forenkler arbeidet med rapportar og dokument.
12. Nemn eit døme på ein relativ og absolutt referanse.
13. Beskriv minst to typar minne på ei datamaskin.
14. Nemn tre oppgåver som blir utført av operativsystemet på ei datamaskin.
15. I modellen nedanfor – i celle C7 – står verdien 1650; kva funksjon er enklast å nytte?

1	A	B	C
2	350		
3	50	350	
4	150	50	350
5		150	50
6			150
7			

Internett

16. Nemn to protokollar som blir nytta i datakommunikasjon på Internett.
17. Forklar kort omgrepa URL, søkemotor, HTML, web.
18. Kva er ei gyldig svensk e-postadresse; blieniel@n.swe, eller suded@mej.se, eller malmö@dej.okey, eller åk@ny.volvo?
19. Eit gyldig domenenamn er; a) www.verksted.nor, b) www.versted.fiks, c) www.verksted.org, d) www.verksted.bil



20. Forklar kva ei virtuell maskin er.

21. Kva kallar vi eit nettverk der det ikkje er naudsynt med ein server?

Praksistilfelle (Case):

Balias er rådgjevarar for verksemder som ønskjer å etablere seg i Indonesia og kringliggande område. Selskapet har i dag 7 norske tilsette og 4 indonesiarar. Personalkostnadene er samla NOK 8,2 mill. inkl. sosiale kostnader. Selskapet har ambisjonar om å vekse og få noko stønad av Noregs Eksportråd til å utvikle sine tenester og kundeportefølje.

Selskapet har i dag ei IT-løysing som ikkje er gjennomtenkt eller tilpassa vekst. Kvar har sin eigen PC og jobbar med isolerte kundeprosjekt. Dei løyser oppdraga ofte i samarbeid, men dokumentasjonen ligg spreidd. Dei deler over e-post eller ferdaminne (minnepinnar). Dei arbeider for det meste med word, excel og ppt. På kontoret er det ein laserprintar, og alle har tilgang til ei gratis nett-teneste til bruk for e-post (Outlook). Websida er i dag meir som ein ”plakat” framfor ei interaktiv og levande side som dreg til seg merksemd og kundeoppdrag. Dei ønskjer no å få ei løysing som:

- 5) sikrar samhandling og felles tilgang til andre sitt materiale
- 6) sikrar læring mellom tilsette og kundar
- 7) sikrar god og kontinuerlig kundepleie av ca. 3000 namn i eit excel-ark, der ca. 20 kundar er aktive til kvar tid.
- 8) er interaktiv med kundar, og kan fungere som salgskanal.

Du skal på maks to sider gjere greie for korleis du vil løyse selskapets IT utfordringar. Framlegget skal kort beskrive ein analyse og ei tilråding av løysing innanfor realistiske økonomiske rammer.